

Satsar på alpin:

# Gnist-mørestipend til Erika og Jørgen frå Stordal

**Stordal-alpinistane Erika Holand Tøsse og Jørgen Vinje Tøsse mottok førre torsdag Sparebanken Møre sitt Gnist mørestipend.**

BB • JOON YOUNG CHANG

Det var førre torsdag Stranda vidaregåandeskule fekk besøk av Stein Ivar Krohn frå Sparebanken Møre i Valldal.

- Eg vart veldig overraska då

Stein Ivar Krohn kom inn i klasserommet og fortalte at eg var tildelt Gnist-mørestipend i år, seier Erika Holand Tøsse. Også Jørgen Vinje Tøsse vart overraska: - Eg trudde Gnist-mørestipenda alt var utdelt for i år, seier han.

## Høge ambisjonar

Erika Holand Tøsse fekk hovudstipendet på 50 000 kroner. - Eg har høge ambisjonar, seier Erika. - På sikt er målet å oppnå OL-deltaking. Det skreiv eg i søknaden min. Før årets sesong er eg betre

førebudd enn nokon gong. Magefølelsen er god, og eg er i betre rute enn i fjor, seier Erika.

For fire veker sidan var Erika Holand Tøsse på treningsopphald i Italia, og no måndag reiste ho til Austerrike på nytt treningsopphald.

- 50 000 kroner er om lag nok til å dekkje alpinutstyr for ein sesong, seier Erika, som legg til at ho vil takke foreldra som har betalt alt så langt, og likedan takke alle trenarane, spesielt Erik Skaslien som har vore hovudtrenaren.

## NM-medalje

Jørgen Vinje Tøsse mottok 10 000 kroner i stipend. - Forma er bra, og målet mitt er å ta medalje i NM kommande sesong, seier Jørgen som også er aktiv fotballspelar for Stordal, både i klasse G16 og for A-laget.

Gjennom Gnist mørestipendet vender Sparebanken seg til enkeltpersonar. Stipendet er retta mot talent i alderen 15-35 år, busett i Møre og Romsdal, eller med røter frå fylket, innan kategoriane idrett, kultur eller open klasse. Målet med stipendet er å stimulere ungdom til å utvikle talentet og emna sine, og bidra til å sikre at regionen blir tilført kreativitet, skapareme og kompetanse i alle områder innan samfunns- og næringslivet.



*Erika Holand Tøsse og Jørgen Vinje Tøsse vart tildelt Sparebanken Møres Gnist mørestipend.*